



Helge Brakstad
Kjedalen 21 A
5918 FREKHAUG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/18300 - 21/1433

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
08.01.2021

Løyve til samanføyning av bueingar - gbnr 310/155 Holme

Administrativt vedtak: **Saknr: 037/21**
Tiltakshavar: Helge Brakstad
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 vert det gitt løyve til tiltak for samanslåing av bueiningar.

Det vert gitt fritak frå kravet om ansvarsrett, jf. plan- og bygningslova § 23-1.

Søknad om ferdigattest for bygningsendringa kan sendast inn straks.

Tiltak

Saka gjeld søknad om samanslåing av dei to bueiningane i huset, til ei.

Det skal ikkje gjerast bygningsmessige endringar. Det er dør mellom bueiningane som er fjerna frå før.

Det vart tidligare den 02.09.91 i sak 91007889 godkjent etablering av kjellarhusvære i tomannsbustad i både Kjedalen 21A og 21B. No har eigaren av Kjedalen 21A søkt om samanføyning av to bueiningar til ei.

Det vert elles vist til søknad mottatt 17.11.20 og supplert 08.01.21.

Saksbehandlingsfrist

Søknaden var komplett og klar for behandling den 08.01.21, og frist for saksbehandling etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplan for Holmemarka er definert som byggjeområde for bustader.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Er ikkje nødvendig.

Plassering

Bygningen og eigedommane er uendra i kart.

Saksbehandling

Samanslåing og oppdeling av brukseiningar i bustader er omfatta av byggesaksbestemmelsane i plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 bokstav g) og 31-6 og er søknadspliktig etter pbl § 20-3.

Søknadspliktige tiltak etter pbl § 20-3 krev bruk av ansvarlege føretak. Ansvarleg søker har ansvar for å visa at tiltaket er planlagt slik at det tilfredsstillar alle krav som er sett i eller i medhald av plan- og bygningslova. Der samanslåinga ikkje utløyser bygningsmessige arbeid eller der det bygningsmessige arbeidet som skal utførast er lite teknisk komplisert, vil det kunne vurderast å gje fritak frå kravet om ansvarsrett, jf. plan- og bygningslova § 23-1.

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søker, jf. pbl § 20-3.
- Kommunen sine fristar for behandling av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.

Mynde

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/18300

Ferdigattest

Byggesaka skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Søknadsskjema:

https://dibk.no/globalassets/blanketter_utfyllbare/alle-blanketter/5167n-soknad-om-ferdigattest.pdf

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/18300

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilleggsopplysningar
Søknad om samanføyning gbnr 310/155 Holme
Søknad

Mottakarar:

Anne Dale Brakstad	Kjedalen 21 A	5918	FREKHAUG
Helge Brakstad	Kjedalen 21 A	5918	FREKHAUG